

# ROMERIKE

## **Av Eivind Berggrav**

*Melodi: Alltid freidig*

Møteplass frå gammal ti  
var på volla dine.  
Itte lett å vera fri  
mellom gjesta dine.

Istids hav og bre-is braut  
ryggtak da dom møttes.  
elvegrus og leire blaut  
fekk du da du fødtes.

Raumafolke rydde her  
mot og vilje vakne.  
Opplending og vikevær  
bøgde seg for Rakne.

Møteplass – Eidsivating!  
Sia kriger møte -  
Fritt fekk alle dra ikring,  
du fekk frihet bøte.

Konge, adel, handelsmann  
brukte deg til merken.  
Du fekk kjenne hoss det var  
mellom ve'n og barken.

Hele Norge levde slik  
uta lås for porten.  
Frihet rant på Romerik  
atten hundre fjorten.

Romerike – åpne land,  
samle oss til følge!  
Gjestfri imot alle mann  
er du husbond sjølve.

***Fra Romerikstun, årbok 1970, bind VII***

---

**Eivind Berggrav** (1884–1959) regnes som hovedmann bak stiftelsen av Romerike Historielag i 1920, og han var lagets første leder, fra 1920–29. Han var biskop i Hålogaland 1928–37, Oslos biskop 1937–51. Tidlig i sin karriere var han lærer ved folkehøgskolen på Eidsvoll, og Romerike amtsskole på Nerdrum. Han var aktiv på så mange områder, som forfatter, språkpolitiker, organisasjonsmann. Viktig kirkelig motstandsmann under krigen, ble satt i husarrest i sin hytte i tre år.

# ROMERIKE

## *Av Borghild Trandum Røer*

Bygder je veit i smilande ro  
kring blånende skauås og lid.  
Vakre bygder om milelang mo  
under himmelrømd veldig og vid.

Med småblenk ta vatn frå elv og frå sjø  
og skaudjupets drømmende tjenn  
langt bortom dalsøkk, rabber og bø  
med garda grender i grend.

Kravlause bygder i skiftande ham  
med ein venleik som lite finn ord,  
likevel stiger dei lysande fram  
i trygg og grøderik jord.

Jorda, hu er nok seig og tung,  
det krevs vilje og styrke i arm.  
Det krevs au ei tru, levande, ung,  
og kjærleiken takksam og varm.

Da vakrar enn soldryss på skumtoppa hav  
blir slitet på tungsteva gard,  
for større enn livets jagande krav  
er lengten som bygde – og bar.

Så; om slettene aldri får anen song  
enn vinddragets ordlause sus,  
dei løfter livets innerste trong  
over blømande leire og grus.

*Fra Romerikstun, årbok 1982, bind XII*

---

*Borghild Trandum Røer (1893–1974) er kvinnen bak Romeriksbunaden. Hun vokste opp på Randby gård, var amatørforsker og dro rundt omkring for å finne gamle klær som kunne inspirere til å lage en bunad for Romerike. På en husflidsutstilling i Oslo i 1932 fikk hun se en løslomme fra 1770–80-årene, fra Sundby på Døli, Jessheim. Hun ble, sammen med Heimen, enig om at den kunne brukes, og tegneren Ivar Klæboe tegnet utkast til den nye bunaden med prydsøm på liv, forkle og lue. Vinteren 1935–36 var den nye bunaden ferdig, og ble første gang vist fram offentlig 5. april 1936 på Romerike ungdomsforbunds årsmøte. Borghild Trandum Røer var også veldig opptatt av dialekten på Romerike, og skrev bl.a. dikt om Ullensaker, Nannestad og Nes.*

# ROMERIKE

## *Av Helge Dillan*

Raumarike! Gamal jord, signa sogegrunn.  
Raumarike! Skog og sol, vatn, li og lund.  
Her du ligg med rike grender;  
lett du auga til deg vender.  
Sommar, vinter, haust og vår,  
all tid hugen mot deg trår.

Romerike! Nye steg, enn på gamal grunn.  
Romerike! Fram du går – nyttar stad og stund.  
Raknehaugen ligg til vitne,  
før som no var nevar slitne.  
No som før den elden brenn  
viljesterk i kvinner, menn.

Romerike! Bygd og bu, fagre perlekrans.  
Romerike! Dåd og tru samlar sinn og sans.  
Framtids mål med varme tankar.  
Hjarteblood som trufast bankar.  
Romerike! Fram mot dag.  
Fylt av livsens åndedrag.

*Fra Romerikstun, årbok 1970, bind VII*



*Gjerdrum på Romerike, med Romeriksåsene i bakgrunnen. Foto: Wikipedia.*